



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell



Villreinutvalet for Nordfjella

Vår dato:

10.09.2026

Vår ref:

2026/2537

Dykkar dato:

26.08.2025

Dykkar ref:

202209809-36

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Siri Wølneberg Bøthun, 5764 3287

Tilleggsmerknad vilkårsrevisjon for Lærdalsvassdraget - villreinutvalet og villreinnemnda

Både villreinnemnda og villreinutvalet for Nordfjella vil takke for ei vel gjennomført synfaring i samband med vilkårsrevisjon for Lærdalsvassdraget, den 26. august. NVE orienterte om at dei opna for eventuelle tilleggsmerknadar i høve nye moment i saka. Både villreinutvalet og villreinnemnda sine representantar på synfaringa signaliserte at me ynskte å kome med slikt tillegg. Me held fram samarbeidet dei to forvaltingsorgana har hatt i saka, og sender her felles merknadar i høve to moment. Det vart tydeleg for oss dels undervegs i synfaringa, og dels i forkant, at desse momenta burde nemnast skriftleg.

Elles vil me understreke tyngda miljøverdiane bør ha i denne revisjonssaka, med tanke på at me her har både eit nasjonalt laksevassdrag og eit nasjonalt villreinområde.

Merknad angående villreinfond

Regjeringa kom den 12.05.26 med ei pressemelding om oppretting av Statens Villreinfond. Utdrag frå pressemeldinga: «Vasskraft kan ha stor negativ påverknad på villreinen. Dei som har konsesjon til å drive med vasskraft kan difor bli pålagde å betale inn eit eingongsbeløp om dei ikkje finn andre måtar å leggje til rette for villreinen på.»

Miljødirektoratet er sett til å lysa ut og stå for tildeling av tilskot frå fondet. Direktoratet gjekk nyleg ut med utlysing av første tildelingsrunde frå fondet, 4 mill. kroner i 2026, og signal om at det i 2027 vil bli tildelt ytterlegare 20 mill. kroner. Regelverket for fondet seier at tilskotsordninga i hovudsak skal nyttast til å betra livsvilkåra for reinen i det området som er påverka av vasskraftutbygginga. Det

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Siri Wølneberg Bøthun
Tlf. 57643287
siri.wolneberg.bothun@statsforvalteren.no



vert likevel opna for å gje tilskot til tiltak som ikkje har direkte samband med vasskraftutbygging, og til område som ikkje har innbetalingar til villreinfond.

Regelverket seier at det kan gjevast tilskot til etablering av landbruer i vassmagasin eller over vinteropne elvar. Videre står det at «Det gis ikke tilskudd til tiltak som konsesjonær er blitt pålagt i medhold av vassdrags- eller energilovgivningen.» Utsiktene framover, når det gjeld utbetalingar frå fondet til tiltak i Nordfjella villreinområde, er truleg at desse på ingen måte vil kunna finansiera større tiltak for å betra livsvilkåra for villreinen. Me ser det difor slik, at pålegg om innbetaling til villreinfond i samband med vilkårsrevisjonen for Lærdalsvassdraget ikkje kan erstatta gjennomføring av hovudkravet frå villreinforvaltinga; reetablering av trekket over Harbakksspranget. Som kompensasjon for andre negative konsekvensar av kraftutbygginga (oppdemming av Øljustjømagasinet, auka ferdsle og uro i området m.m.) kan derimot pålegg om innbetaling til eit villreinfond vera høgst aktuelt.

Merknad angående kunnskapsgrunnlaget i landbru-spørsmålet

Landbru over Kvevatnet ved Harbakksspranget vart omtalt under synfaringa, og har elles fått mykje merksemd i saka. I vår høyringsuttale trakk me også fram dette tiltaket og bad om eit tilleggsdokument som går djupare inn i dette. Me såg at det kan være trong for å grunngje kvifor me meiner at eksisterande tekniske notat og kostnadskalkyle (Østfold Energi 20. august 2025), og presentasjonen av tiltaket i fagutgreiinga for villrein, ikkje er tilstrekkeleg.

Kalkylen er gjort utan at tiltaket er konkretisert. Det vert anslege at landbrua vert 420 – 500 meter lang avhengig av kor den vert lagt. Dette syner at ein ikkje faktisk har gjort berekningar, men arbeider ut frå grove anslag. Tiltaket bør bereknast ut frå utpeikt trasé, der ein legg terrenget i botnen til grunn. Det er heller ikkje lagt til grunn nokon vurderingar av utforming av landbrua, utover eit anslag på behov for 5 meters breidd, korkje av villreinkunnige eller av landskapsarkitekt. Dette bør gjerast, og leggjast til grunn for kostnadsberekningane.

Me vil foreslå at ein nyttar eit prinsipp der det er eit kort stykke med ope vatn, dvs. at ein etterliknar eit naturleg sund, der villrein vil kunne vade eller også symje over. Erfaringar peikar på at villrein sym på same måte som om dei ville krysse ei elv, dersom eit smalt sund ligg i ein naturleg trekkveg og dyra har motivasjon for trekk. Ein av dei første plassane landbru vart føreslege er over Aursjøen i Snøhetta villreinområde, der Bevanger m.f. allereie i 2007 foreslo å lage ei landtunge over vatnet, med eit sund undervegs. Dette vil dempe konflikhtar med fiske og bruk av båt, og det vil forhindre at landbrua vert nytta av folk.

Revisjonsdokumentet seier om landbrua: «Dette tiltaket er usikkert med tanke på effekt, kostnad og bruk, og NINA har berekna at gevinsten vil vere avgrensa.» Me har allereie grunngjeve kvifor me er djupt ueinige i vurderinga om forventa bruk. Me vil i tillegg bemerke at me meiner fagutgreiinga for villrein legg for mykje vekt på graderinga av forventa effekt, der det vert vist til modellberekningar utført av NINA.

Berekningane som er lagt til grunn for vurderinga er gjort ved simuleringar utført i ein digital datamodell over habitatkvalitet og tilgjenge for villrein. Modellane er presentert i NINA rapport 2342 (Moorter m.f. 2023) og NINA rapport 2189 (Panzacchi m.f. 2022). Villreinnemnda og villreinutvalet tykkjer det er bra at ein vil nytte moderne teknologiske hjelpemiddel som dette, og me ser positivt på modellverktøyet, men samstundes må me åtvare mot å nytte desse i detaljberekningar. Når tiltaket faktisk slår ut som positivt i modellen, er dette eit positivt signal på at det faktisk vil fungere. Ein bør ikkje konkludere med større nyansar enn det.



Villreinmodellane er laga på ein skala som dekkjer heile Sør-Noreg, med nasjonalt tilgjengelege datalag, noko som gjev gode anslag på habitatkvalitet på overordna nivå, men som ikkje har nøyaktigheit når ein zoomar inn til lokal skala. Modellane er dessutan førebels noko umodne til å vere treffsikre lokalt. Eit godt døme på dette ser ein nettopp i Lærdals-fjella, i temakarta over areal påverka av menneske (som nytta i fagrapporten for villrein). I dei modellberekna karta står fjellbremmane over Lærdal og Borgund fram med høg forstyrring knytt til bygningar. Desse områda er i realiteten nokre av dei minst forstyrta fjellpartia i Nordfjella, og dei er så å seie utan bygningar. Feilen skuldast truleg ein mangel på høgdejustering av påverknad frå bygningar og anlegg i dette ekstreme terrenget, slik at bygg nede i dalen vert tolka til forstyrring oppe på fjellet.

Korkje modellberekningane eller fagrapporten for villrein trekker fram korleis eit gjenopna trekk vil kunne påverke dynamikken i villreinen sin vidare arealbruk og trekk, og betre moglegheitene til å utnytte leveområdet optimalt.

I lys av dette vil me oppmode om at det vert gjort ei vidare, og meir konkret utgreiing om landbru over Harbakkspanget.

Avslutningsvis vil me nemne at villreinutvalet sit på dokumentasjon som syner trekk ut på Flågrunnsryggen/Liatangane, nedteikna i oppsynsdagbøker frå 1980-talet og utover. Desse går over ein lengre tids-periode enn det som vert fanga opp av merkeprosjektet, som starta i 2007. Dette materialet kan stillast til disposisjon for arbeidet med den ynskta tilleggsutgreiinga.

Med helsing

Trygve Skjerdal
Leiar, villreinnemnda

Siri Wølneberg Bøthun
Sekretær villreinnemnda

Sigurd Vikesland
Leiar, villreinutvalet

Harald Skjerdal
Sekretær villreinutvalet

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lærdal kommune

Øyraplassen 7

6887

LÆRDAL

Litteratur det vert vist til:

Bevanger, K., Jordhøy, P., Reimers, E. og Strand, O. 2007. Reetablering av villreintrekk over Aursjømagasinet, Lesja og Nesse kommuner. Et kunnskapsgrunnlag. NINA rapport 266. 60s.

van Moorter, B., Panzacchi, M., Niebuhr, B.B., Lelotte, L., Rolandsen, C.M., & Tveraa, T. 2023. Menneskelig påvirkning på alle villreinområder i Norge. Et nytt Dashbord som leverer kart og



statistiske estimater til støtte for forvaltningsprosesser. NINA Rapport 2342. Norsk institutt for naturforskning

Panzacchi, M., van Moorter, B., Tveraa, T., Rolandsen, C. M., Gundersen, V., Lelotte, L., A., Dos Santos, B. B. N., Bøthun, S. W., Stien, A., Andersen, R., Strand, O. 2022. Statistisk modellering av samlet belastning av menneskelig aktivitet på villreinområder. Identifisering av viktige leveområder og scenarioanalyser for konsekvensutredning og arealplanlegging. NINA Rapport 2189. Norsk institutt for naturforskning.